



DOVRE KOMMUNE

Helse- og omsorgsdepartementet

Melding om vedtak

Vår ref
2009/643/2/

Deres ref:

Saksbehandler
Maj-Britt Svastuen
61242120

Dato
02.11.2009

Høyring: Endringer i kommunehelsetenestelova - eit verdig tenestetilbod

Vedlagt oversendes vedtak i sak 30/09 behandlet i Oppvekst-, kultur- og omsorgsstyret 27.10.09.

Klageadgang:	<i>Forvaltningsloven §§ 28 - 34</i>
	<i>Dette vedtaket kan påklages skriftlig. Klagefristen er 3 uker fra den dato vedtaket er mottatt. Ved behov for råd og veiledning i forbindelse med klagen, kontakt kommunen/saksbehandler.</i>

Med hilsen

Wenche U. Haugom
Sekretær



2286



DOVRE KOMMUNE

Saksnr: 2009/643 -1

Arkiv:

Saksbehandler:

Maj- Britt Svastuen

Dato: 16.10.2009

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
30/09	Oppvekst-, kultur- og omsorgsstyret	27.10.2009

Høyring: Endringar i kommunehelsetenestelova - eit verdig tenestetilbod

1 S Høyring: Endringar i kommunehelsetenestelova - eit verdig tenestetilbod

Vedlegg: Høyringsdokument frå Helse- og omsorgsdepartementet dagsett 29.06.2009

Vedtak til:

Helse- og sosialdepartementet, kommunane i Nord-Gudbrandsdal, pleie og omsorgsleiar i Dovre.

Saksframlegg:

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt ut på høyring eit forslag om endringar i kommunehelse-tenestelova § 2-1 om rett til helsehjelp og forslag til ny forskrift heimla i kommunehelsetenestelova

§ 1-3 femte ledd og sosialtenestelova § 4-6 om ei verdig eldreomsorg. Departementet ber om høyringsuttaler innan 29.10.2009.

Med lovendringsforslaget ønskjer departementet å presisere innhaldet i omgrepet nødvendig helsehjelp ved å framheve verdigheit som eit grunnleggjande element i helsetenesta. Saman med forskrifts-endringa inneber forslaget ei presisering av forståinga for dei rettane eldre har til tenestene. Departementet vil med dette styrke både rettstilstanden og tenestetilbodet til denne brukargruppa. Dei økonomiske konsekvensane av forslaget i den enkelte kommune er likevel avhengige av korleis dagens tenestetilbod er utforma, og departementet varslar ei nærare utgreiing av desse konsekvensane.

Vurdering:

Om lovendringsforslaget:

Departementet viser til at utviklinga over tid har gått frå å sjå brukaren som ein passiv mottakar av tenester, til å leggje til rette for at brukaren er aktiv og medverkande. Utviklinga har dermed også påverka omgrepet "nødvendig helsehjelp", og det er behov for å klargjera korleis omgrepet er å forstå. Ved å slå fast retten til eit *verdig tenestetilbod* blir dette eit grunnleggjande element i ei forsvarleg helseteneste på line med retten til *forsvarleg helsehjelp*.

Rådmannen er av den oppfatning at retten til eit verdig tenestetilbod lenge har vore innarbeidd i ideologien i tildeling og drift av helse- og sosialtenestene i Dovre kommune. Lovendringa blir slikt sett ei juridisk stadfesting av gjeldande praksis.

Om forskrifta:

Den nye forskrifta har som målsetting at eldre ikkje kjem urimeleg ut i forhold til den generelle innsatsen i pleie- og omsorgstenestene. Departementet kjem derfor med presise føringar for ei verdig eldreomsorg. Forskrifta omhandlar på enkelte tema område som er regulerte i gjeldande kvalitetsforskrift, men sistnemnte er til forskjell frå den nye ei internkontrollforskrift.

Retten til eit verdig tenestetilbod utfordrar tenesteapparatet på dialogen og samhandlinga med brukaren. Tenestene skal innrettast i respekt for den enkelte sin sjølvråderett, eigenverd og livsførsel og sikre at medisinske behov blir ivaretekne. Departementet listar opp følgjande omsyn (§ 3):

- a) En riktig og forsvarlig boform ut frå den enkeltes behov og tilstand
- b) Et variert og tilstrekkelig kosthold og tilpasset hjelp til måltider
- c) Et mest mulig normalt liv, med normal døgnrytme og adgang til å komme ut, samt nødvendig hjelp til personlig hygiene
- d) Tilby samtaler om eksistensielle spørsmål
- e) Lindrende behandling og en verdig død
- f) Å bevare eller øke sin mulighet til å fungere i hverdagen. Omsorgen skal bidra til habilitering og rehabilitering
- g) Faglig forsvarlig oppfølging av lege og annet relevant personell, som sikrer kontinuitet i behandlingen
- h) Tilby eldre som bor i helseinstitusjon enerom

Rådmannen sitt forslag til tillegg:

Rådmannen er kjent med at Helse- og omsorgsdepartementet arbeider med ei ny stortingsmelding om tannhelse. Viktig grunnlagsmateriale for stortingsmeldinga er NOU 2005:11 om det offentlege engasjementet på tannhelsefeltet (kjelde: regjeringen.no). Av dei hovudutfordringane som NOU 2005:11 peikar på er den eine at vi har eit sosialt fordelingsproblem ved at det finst grupper i befolkninga som har klare behov, men som av ulike årsaker ikkje får eit godt tilbod. I tillegg trengst ei meir offensiv og bevisst satsing på helsefremjande og førebyggjande arbeid.

I rapporten "Tenner for livet" frå 2006 konkluderte Sosial- og helsedirektoratet med at det er eit stort forbettringspotensial på mange sjukeheimar når det gjeld tannhelse og munnstell, og i "Forsøksordning med utvidet fylkeskommunalt tilbod om tannhelsetjenester, Futt-prosjektet" (2005) vart det dokumentert store tannhelseproblem og stort behov for tannbehandling blant desse gruppene:

- brukarar av andre kommunale heimetenester enn heimesjukepleie
- personar med eit pleiebehov som blir dekt av pårørande
- personar i rusmiddelomsorga
- personar under psykisk helsevern

Rådmannen meiner det er viktig å sikre at personar i desse gruppene blir sikra like moglegheiter til å oppnå akseptabel tannhelse som resten av den vaksne befolkninga, også for å bidra til å utjamne sosiale forskjellar. Det offentlege må derfor ta eit særskilt ansvar for tilrettelagte tannhelsetenester til utsette grupper, og at dette må gjelde så vel i det førebyggjande som i det behandlande helsetilbodet.

Rådmannen si innstilling: Oppvekst-, kultur- og omsorgsstyret vedtek:
Dovre kommune sluttar seg til høyringsforslaget til lovendring og ny forskrift som omhandlar eit verdig tenestetilbod i helse- og sosialtenestene.

Til forslaget til ny forskrift blir det sett fram følgjande forslag om tillegg til § 3 (ny bokstav):
"Tannhelsetilbud (forebygging og behandling) som til den øvrige del av den voksne befolkningen".

Saksprotokoll i Oppvekst-, kultur- og omsorgsstyret - 27.10.2009

Behandling

Vedtak

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.